



Kvar skal bubilane parkera når det no har vorte forbod på Sandakaien?

Det var spørsmålet vi stilte her om dagen og campingplass-eigarane svara spontant: Parker hos oss!

Då står det att å skilta ned til dei eigna plassane, og helst då skilta like godt og grundig som Rosendal hvis ein verkeleg ønskjer bubilparkering i Uskedalen.

Over er eitt av skilta som er sett opp i Rosendal og som viser vegen ned til kaiområdet der det er svært rommeleg plass for bubilane.

Skiltinga startar ved turistkontoret og følger ein skilta kan ein ikkje ta feil.

Kven tar ansvaret for skilting i Uskedalen?

Foto: Ola Matti Mathisen